

# NORSK SPRÅKRÅD

⌈  
Moderniseringsdepartementet  
Postboks 8004 Dep  
0030 OSLO  
⌋

⌈  
L  
⌋

REF.  
200404502-/ANH

VÅR REF.  
200400242-2

DATO  
14. mars 2005

## Framlegg til ny bokavtale – høyringsfråsegn frå Norsk språkråd

Norsk språkråd har fått til høyring forslag til forskrift etter konkurranselova § 3 om unntak frå konkurranselova for bokomsetjing.

Språkrådet ser det slik at ”den nye, liberaliserte bokavtalen” (høyringsbrevet s. 2) inneber ei markert omlegging av norsk bokpolitikk. Når fastprissystemet for lærebøker blir oppheva etter ein kort overgangsperiode, kan det få store følgjer for bokmarknaden.

Språkrådet er uroleg for at forslaget til forskrift, bl.a. punktet om redusert fastprisperiode, kan verke uheldig av fleire grunnar. Det kan bli vanskelegare å halde oppe breidda i norsk litteratur, bokmål og nynorsk, skjønnlitteratur og faglitteratur. Dermed kan den språklege nyskapinga og kvaliteten bli skadelidande. Spreiinga av bøker kan òg bli mindre fordi det er fare for at små bokhandlar og distriktsbokhandlar ikkje vil greie seg i konkurransen. Det er etter vårt syn opplagt at vilkåra for smal litteratur og for nynorsk litteratur blir dårlegare med forslaget. Produksjonen av norskspråklege lærebøker for høgare utdanning blir meir utsett.

Forslaget kan gje lågare prisar på bøker som sel godt, men det kan bli ein høg pris å betale språkpolitisk og kulturpolitisk.

Med helsing

Sylfest Lomheim  
direktør

Fråsegna blir også send som e-post.